

FOLKEDANS

FOLKEDANSFESTIVAL I OSLO

21. jan - 1. feb. 2026

Det er med stor glede me kan ynskje dykk hjarteleg velkomne til den tredje utgåva av folkedansfestivalen Dans Dans Dans!

Det går ei kraftig folkedansbølgje over Noreg og heile Europa akkurat no. Me svingar oss med bølgja i springartakt og slår på stortromma i år – festivalen byr på over 40 arrangement fordelt på heile 10 ulike arenaer!

Me er både stolte og glade for å ha med oss eit breitt spekter av nye samarbeids-partnarar til årets festival, og takksame for at dei gode, gamle arrangørvenene våre framleis bidreg til eir rikhaldig og engasjerande festivalprogram.

Ekstra stas i år er at sjølvaste kulturministeren, Lubna Jaffery, opnar festivalen på Melahuset. Det set vi utruleg stor pris på!

Me skal også heidle dei som heidrast bør. Nytt av året er to heilt ferske prisar: «Årets unge folkedansar» og «Årets eldsjel». Desse kjem i tillegg til den gjeve prisen «Årets folkedansar» som kulturministeren skal dele ut.

Oslo husar også tre ulike talentsamlingar for dans under festivalen. Folk Sessions Kvens og Folk Sessions Skogfinsk som Riksscenen har med støtte frå Talent Norge, Sparebankstiftinga og Furestiftinga og Hallingdal Talent som Ål kommune/Sprang er intiativtakar til med støtte frå Sparebankstiftinga.

Spenn på deg dei beste danseskoa dine og gjer deg klar til 12 dagar med rytme, glede og fellesskap.

No trør, sviv og hukar me i gang DANS DANS DANS 2026!



Rannveig Øygardslia, festivalsjef

Forestillingar, visningar, dansefestar, kurs, seminar, debattar og fagsamlingar - 12 dagar i Oslo.



Onsdag 21. januar

9:30 - 15:30

Dansekongressen 2026, dag 1
Sentralen

Dansekongressen 2026: Dansen som brubyggar

Korleis kan dans bidra til å byggje bruer mellom menneske, mellom fagfelt og mellom kunst og samfunn? Velkommen til Dansekongressen 2026! I januar samlast alle som jobbar med dans under temaet «Dansen som brubyggar». Korleis kan dans bidra til fellesskap, forståing og engasjement, både lokalt og globalt? Kongressen tilbyr inspirerende innlegg, panelsamtalar og dialogar med kunstnarar, leiarar og samfunnsaktørar. Lat oss saman lyfte dansen og synleggjere krafta den har i samfunnet!

Det er gratis å delta på kongressen, men du må melde deg på. Påmelding og alt om kongressen finn du her:

www.sparebankstiftelsen.no/dansekongressen



Torsdag 22. januar

9:30 - 15:30

Dansekongressen 2026, dag 2
Sentralen

Fredag 23. januar

18:00

Harald Beharie - Sweet Spot, premiere

Dansens Hus

Eit forførande helvetesgap fylt av uregjerleg leik og sjarme.

Sweet Spot er ein forførande helvetesmunns fylt av uregjerleg leik og sjarme, eit helvetesgap som dansar og veltar seg fram og tilbake mellom tidsepokar. Kvilande i avgrunnen maner Sweet Spot fram ein forvrengd danse macabre, eit hypnotisk landskap kor seks ekstatiske skikkelsar syng, kollapsar og synkoperer rundt kvarandre.

Drive av ein «dromanisk» impuls; ein ukontrollerbar trang til å reise vidare og røre seg framover, kastar Sweet Spot seg inn i ein konstant kvervelvind: ei overflod av ustyrlige rytmar, mytologiar, groovy prosesjonar og plutslege bølger som fortærer tilskodaren og alt i sin veg.

Sweet Spot avsluttar ein trilogi som inkluderer soloverket Batty Bwoy (2022), ein leik med fiksjonar om den skeive kroppen, og Undersang (2024), som tek form som eit kollektivt ritual i skogen. Saman dykkar desse tre verka ned i korleis nyting, overflod og monstrøsiteten kan bli krefter for eigenmakt og transformasjon samstundes som kroppen blir nytta som ein stad for ambivalens. Der identitet og makt stadig blir forhandla og muterer, og ei porøs og ustabil overflate revnar og opnar seg for ritual og nye former for fellesskap.

Billettar på www.dansenshus.com

Konsept og koreografi

Harald Beharie

Nær samarbeidspartnar og kunstnarleg research

Karoline Bakken Lund

Medskapande utøvarar

Loan Ha
Carlisle Sienes
Harald Beharie
Amie Mbye
Irene Theisen
Ester Thunander

Skulptur/scenografi og kostyme

Karoline Bakken Lund

Musikar

Ester Thunander

Komponist

Ingvild Langgård

Lysdesign

Ingeborg Staxrud Olerud

Lyddesign

Gunnar Innvær
Ingvild Langgård

Kunstnerisk fasilitator/dramaturg

Deise Faria Nunes

Intimiteskoordinator

Lexie Koren

Produsent

Kristina Melbø Valvik

Distribusjon/Turné

Damién Valette

Samprodusentar: Dansens Hus, Rosendal Teater, RAS, Bergen Internasjonale Teater, Arsenic – Centre d'art scénique contemporain, SPRING festival, Zodiak - Centre for New Dance og Moderna Dansteatern.

Støtte arbeidsopphald: Fabbrica Europa, Kaserne og Kilden Teater

Støtta av: Norsk kulturråd og Kristiansand kommune.

Illustrasjon: Karoline Bakken

Laurdag 24. januar

14:00 - 15:00

Om tradisjon og samtid
- Panelsamtale leia av
Maja Musum
Dansens Hus

I samband med Harald Beharie si framsyning Sweet Spot inviterer Dansens Hus til samtale i samarbeid med Riksscenen og Dans Dans Dans.

Tradisjonskultur er på frammarsj, og initiativ som Tuvass Blodklubb har gjort springar og pols til populære danseformer i Oslo sitt uteliv. Tradert materiale og folkekultur har i aukande grad funne vegen inn i samtidskunst- og samtidsdansfeltet: Frå Elle Sofe Sara si oppsetning Láhppon i Den Norske Opera, til kunstnar Sayed Sattar Hasan sitt prosjekt Kulturarvsfabrikken på Oslo Museum, og Nasjonalmuseet sine Skakke folkedraktar der dansar Harald Beharie utforskar leikarringen.

I denne samtala møtest tradisjonsbærarar, dansarar og utøvarar for å løfte blikket, men og zoome inn: Korleis skal vi forstå den nye interessa for det gamle, og kor nytt er det eigentleg? Kva for moglegheiter og utfordringar ligg i krysninga av faglege sjangergrenser. Kva for eit ansvar har kunstfeltet i møte med tradisjonsbærar, og kva for ansvar har tradisjonsbærarar i møte med nye interessenter? Og kven eig eigentleg kunnskapen til det traderte materialet - eller er det berre å forsyne seg?

Velkomen til ein samtale om korleis fagleg krysspollinering mellom samtidsfeltet og tradisjonsfeltet kan bidra til styrking av begge dansetradisjonane.

Arrangementet er gratis.

Laurdag 24. januar

16:00


Harald Beharie - Sweet Spot
Dansens Hus

Billetter på www.dansenshus.com



DANSENS HUS

Illustrasjon: Google Gemini



Illustrasjon: Karoline Bakken

Laurdag 24. januar

20:00

Kræsjkurs i Dabke
Melahuset

Melahuset

Bli med på ein energisk og morosam workshop i den tradisjonelle folkedansen frå Levanten!

Du lærer grunnstega, rytmen og korleis ein dansar i ring – skulder ved skulder med andre.

Du treng ingen forkunnskapar, berre komfortable sko og godt humør. Kom og kjenn på musiken, trinna og fellesskapet!

Yasmin Mouafak er instruktør på kurset.



Laurdag 24. januar

20:30 - 01:00

Offisiell festivalopning, konsert, dans og DJ
Melahuset

Den offisielle opninga av årets festival står sjølvaste kulturminister Lubna Jaffery for. Det blir utdeling av prisen «Årets folkedansar» før det blir konsert med moglegheit for dans til seint på natt.

På scena denne kvelden er Nawar Alnaddaf, Safaa Al-Saadi, Ahmad Alak og DJ Daeva.

Arrangementet er gratis og meir informasjon er å finne på www.mela.no



Sundag 25. januar

13:00 - 14:30

Yirinin – danseverkstad for barn
Cafétheateret


Dans og musikkverkstad med tradisjoner frå Vest-Afrika med Sellou Blagone og Solo Diarra.

På verkstaden får du høyre historia om den vesle guten Yirinin frå landsbyen Manoufla i hjartet av Elfenbenskysten - og du får lære å danse, synge og spele på tromme av Sellou og Solo.

Arrangementet er gratis!



**NORDIC
BLACK
THEATRE**



Illustrasjon: Karoline Bakken

Sundag 25. januar

18:00

Harald Beharie - Sweet Spot
Dansens Hus

Billetter på www.dansenshus.com

Sundag 25. januar

18:00 - 22:00

Søndagsdans i BLS med minikurs og dansefest

Bygdelagshuset

BLS inviterer til den tradisjonsrike søndagsdansen. Denne gongen med Østerdølenes Spellmannslag.

Alle er velkomne og du treng ikkje eigen dansepartner. Kaffe og vaffel er inkludert i prisen.

18:00 - 19:15 minikurs i Rørospols, instruktør er Alix Cordray

19:30 - 22:00 Gammaldans med Østerdølenes Spellmannslag (ispedd litt songdans og turdans)

I nabosalen blir det swing med DJ arrangert av Kom og Dans på same billett.

Billett: kr 170, 130 (etter 19), 100 student



Foto: Reed Forum AS



Foto: Runhild Heggem

Måndag 26. januar

12:00 - 18:00

Opent øvingsrom for folkedansarar
Riksscenen

Riksscenen, scene for folkemusikk og folkedans, inviterer kvar måndag til opent øvingsrom for folkedansarar.

Dette er både ein møteplass og ei leikegrind der mange små og store danseprosjekt har byrja dei siste åra.

RIKSSCENEN



Foto: Runhild Heggem



Måndag 26. januar

20:00

What the folk!

MIR

Folkemusikkpøben What the folk!
ønsker velkommen til konsert, dans og
folkemusikkjam på Mir!

Gratis inngang!



Foto: Runhild Heggem

Måndag 26. januar

19:30

Open øving i Numedalslaget
Bygdelagshuset

Numedalslaget inviterer dansarar til
open øving i Numedalslaget. Denne
kvelden er det fokus på numedalspringar
og Nils Øyvind Bergset gir instruksjonar
til dei som vil lære.

Kenneth de Gala spelar.



Tysdag 27. januar

12:30 - 14:30

Seniortreff med dans i BLS

Bygdelagshuset

Seniorane i BLS samlast til heime-
laga lunsj, allsong og dans.

Det blir presentasjon av boka:
Spellemenn og slåtter fra Tynset-
traktene av Gerd Mary Brekken og
felespelarar frå Østerdølenes spel-
mannslag spelar opp til dans.

Arrangementet er gratis!



Tysdag 27. januar

19:00 - 21:0

Open øving med BLS Ung

Bygdelagshuset

*BLS Ung har ein aktiv gjeng med dansarar som øver i
Bygdelagshuset på tysdagar. Gjengen dansar forskjellige
bygdedansar og lærer frå kvarandre.*





Foto: Runhild Heggem

Tysdag 27. januar

19:30 - 21:30

Open øving, Leikarringen i BUL
Teatersalen/Nynorskens Hus

Dansarane i Leikarringen i BUL har øving kvar tysdag og tar gjerne i mot nye dansarar!

Onsdag 28. januar

10:30 - 12:30

PRODA, workshop med Sigurd Johan Heide
Rom for Dans

Sigurd Johan Heide frå Kartellet vil by på ein workshop med saftig innføring i arkaisk og herleg folkedans/rørslemateriale frå Nordkalotten. Koplinga mellom idrett, lek og folkedans vil bli lagt vekt på, særleg med utgangspunkt i halling.

Sigurd Johan Heide har bakgrunn frå folkedans, dansevitenskap og undervisning, og har ein master i koreografi frå Kunst- høgskolen i Oslo. I tillegg til mykje anna er han kunstnarleg leiar i dansekompaniet Kartellet.

Meir om PRODA på www.proda.no



PRODA
PROFESJONELL DANSETRENING

Onsdag 28. januar

13:00 - 14:30

Kven får plass på dei norske dansescenene?

Melahuset

Paneldebatt om diversitet og mangfold på dansescener og dansefestivalar i Noreg.

Innleiar er Bellali Austria og moderator er Ane Carmen Roggen.

I panelet sit Sigurd Johan Heide, Stine Nilsen, Thomas Tawana Prestø med fleire.

Gratis inngang.



Illustrasjon: Google Gemini



Foto: Vegar Vårdal

Onsdag 28. januar

18:30 - 21:00

Open øving, Hallinglaget
Bygdelagshuset

Hallinglaget i Oslo inviterer til øving med gnistrande hallingspel.

Instruksjon i hallingspringar ein halvtime frå 19:00.

18:30 - 19:00 Laus

19:00 - 21:00 Springar

Billett: 50 kr, betaling i døra!

Onsdag 28. januar

18:00 - 20:45

Kurs i gammaldans og Nordmørspols med Symra
Bygdelagshuset

Symra inviterer til open danseøving. Frå 18.00 - 19.25 blir det kurs i gammaldans. Så blir det Nordmørspols med Åsmund Godal Tunheim, pause med gratis servering og til slutt ei økt med sang- og turdans.

Hjarteleg velkommen!



Foto: Andreas Ljones



Onsdag 28. januar

21:00 - 01:00

FolkemusikkPØBB

Kaffistova

Folkemusikkpøbben i Oslo inviterer til jam, dans og song siste onsdagen i månaden på Kaffistova.

Gratis inngang!

Torsdag 29. januar

10:00 - 15:00

Seminar samisk/nasjonale minoriteter

Riksscenen

Velkomen til årets fag- og forskardag under festivalen i regi av Norsk senter for folkemusikk og folkedans

10:00 – 12:30 Seminar om nasjonale minoriteter Her skal vi syne filmar, diskutere og gå ut på golvet for å prøve dansane fysisk. Innlegg i seminaret frå: Astrid Serine Hoel, Sigurd Johan Heide, Ada Einmo, Vegar Vårdal med fleire.

12:30 – 13:30 Lunsj

13:30 – 15:00 Bli med på ein første innspelsworkshop. Temaet er kva ressursheftet knytt til den nye rammeplanen for kulturskolane kan innehalde om folkemusikk og folkedans. Styreleiar for Kulturskulerådet Innlandet, Jertrud Torsdatter Stallvik, kjem og gjer oss ein inngang til den nye rammeplanen.



Foto fra Karhutanni: Lise Marie Mathisen

Torsdag 29. januar

17:00

Og bare deg og meg, premiere

Rom for Dans

«Og bare deg og meg» er ei fri tolking av Jon Fosse sitt teaterstykke «Og aldri skal vi skiljast», skapt ut av våre egne opplevingar av å lese stykket. Vi ber med oss teksten i kroppen, i dansen og i musikken. Vi let han sprette mot våre indre veggjar, leie oss, forvirre oss. Sleppe inn, for så å sleppe ut. Ho, Han og Jenta er til stades hjå alle. Med døsiggjort årvakenheit vandrar vi mellom draum og røyndom, kjærleik og einsemd. Håp og sjalusi. Tida skil, svevar, vender – og renn ut.

Utøvarar: **Tuva Færden, Emma Öberg, Jon Bugge Mariussen**

Koreografi: **Emma Öberg, Jon Bugge Mariussen**

Lydkomposisjon: **Tuva Færden i samarbeid med Jon Bugge Mariussen**

Kostyme & scenografi: **Marita Solhjell Ølander**

Lysdesign: **Philippe Schneider**

Lyd: **Jon Anders Aasgaard**

Produsent: **Emma Öberg, Jon Bugge Mariussen**

Rettleiing: **Marius Kjos, Caroline Wahlström Nesse** Samproduksjon: **Rom for dans og Sprang Landsdelscene**

Støtta av: **Kulturrådet, Region Östergötland, Statens kunstnarstipend og Fond for utøvande kunstnarar**

I samarbeid med: **Linköpings Kommun**

Billetter kan kjøpast her: <https://emmaoberg.hoopla.no/event/obdom>



Torsdag 29. januar

17:30 - 19:00

Dans med Barnelaget
Bygdelagshuset

Barnelaget i Oslo inviterer til open øving i Nordahl Bruns gate 22.

Barnelaget har øvingar på torsdagar frå klokka 17.30 til 19.00, og denne ettermiddagen er alle frå 3 til 13 år velkomne til å prøve folkedans for fyrste gong saman med barna i Barnelaget.

Dei som er mellom 8 og 12 år, kan i tillegg få vere med på den store dansefesten for barn og ungdom på Riksscenen laurdag 31. januar.



Foto: Runhild Heggem

Torsdag 29. januar

18:00 - 20:00

Suldalspringar for nørds
Riksscenen

For dei som vil lære noko litt utanom det vanlege inviterer vi til kurs i Suldalspringar v/ Folkedansstudiet ved USN Rauland med Siri Mæland, Stian Roland og bachelorstudentane. Her blir det fordjuping i det som vert sett på som den enklaste, men kanskje er den vanskelegaste bygdedansrytma.

Olav Christer Rossebø spelar!

Kurset er gratis!



Torsdag 29. januar

19:00 - 20:00

Soft Ice - Janne Eraker, premiere

Riksscenen

Quiet is the new loud!

Tre steppdansarar trer ut av skoa sine. I sokkelesten skli dei over golvet. Kom nærmare og lytt med heile kroppen; kjenn vinden i rørslene, lyden frå dei dansande føtene.

I Soft Ice fokuserer koreograf Janne Eraker på ein heilt bestemt del av steppdansen sitt vokabular, nemleg slides, scrapes og drags, og publikum blir inviterte til å oppleve danseforma på ein ny måte.

Saman med ein gitarist skaper dei tre dansarane eit dynamisk lydlandskap frå det heilt kviskrande stille til intense, svingande rytmar. Framsyninga kan med dette òg nytast som ein konsert – med augene lukka.

Soft Ice dreg auga og øyrene dine tett til dansegolvet, og lèt deg oppleve dei dansande formene som oppstår på golvet, i rommet og i kroppane, før dei forsvinn, som ei vakker, flyktig løkkeskrift.

Koreografi: **Janne Eraker**

Dans: **Wilma Kananen, Gaëtan Farnier, Håkon Sigernes / Janne Eraker**

Musikk: **Juhani Silvola**

Kostyme: **Janne Eraker**

Lys: **Ane Reiersen**

Lyd: **Ragnhild Nelvik Bruseth**

Co-produsent: **DansiT**

Produksjonen er støtta av **Kulturrådet**

Kjøp billetter på www.riksscenen.no



Torsdag 29. januar

19:15 - 22:00

Kurs i Rørspols og dans med Hordaringen
Bygdelagshuset

Hordaringen inviterer til kurs i Rørspols frå kl. 19.15 til 20.30. Etter dette blir det kaffipause med enkel servering og så ein time med variert dans. Alix Cordray og Bjørn Ove Opheim leiar dansen.

Gratis inngang for alle!



Torsdag 29. januar

20:00 - 21:30

Kræsjkurs i Sydis
Riksscenen

Sydisdansen er ein samisk variant av foxtrot. Nye generasjoner har miksa inn nokre swingtunar og dansen har fått sitt unike uttrykk. Det trengs ingen forkunnskap for å komme på kræsjkurset.

Kurset er gratis!





Torsdag 29. januar

20:30 - 21:30

SKROT

Riksscenen

SKROT består av musikarar frå ulike delar av Sør-Noreg med tilknytning til Gudbrandsdalen. Gruppa vart danna på Ole Bull Akademiet i 2022, og har sidan spelt konsertar og til dans over heile landet. I januar 2026 kjem debut-albumet Steg som inneheld eit variert utval av det gruppa har på repertoraret. Frå tradisjonell gamaldans etter kjelder som «Nye Ringnesin» og «Visdals kvintett» til nykomponert musikk signert medlemmane i SKROT.

SKROT spelar gjerne konsertar for sitjande publikum, men kjem aller mest til sin rett framfor eit levande dansegolv!

Etter konserte blir det jam med moglegheit til å praktisere suldalspringaren.

Fredag 30. januar

10:00 - 16:00

Felles kontordag

Riksscenen

Ein dag for inspirasjon, fagleg påfyll og kollegialt fellesskap! Treng du innspel til ein ny prosjektidé, droling kring eit prosjekt i utvikling, eller kanskje hjelp med ein konkret søknad? Eller kjenner du rett og slett behovet for å ha ein heilt vanleg arbeidsdag – men i selskap med gode kollegaer, kaffikopp og kreative samtalar?

Då er felles kontordag på DANS DANS DANS noko for deg!





RIKSSCENEN sprang

Fredag 30. januar

13:00 - 17:00

8 korte visninger

Riksscenen

Riksscenen, i samarbeid med SPRANG, landsdelsscene for dans inviterer til 8 korte visninger på Klubbscenen. Dette er eit spanande høve til å få sjå starten på komande produksjonar. Dagen er og eit møtepunkt mellom utøvarar, produsentar og visningsstader.

Andrea Søgner, Silje Liahagen og Lars Fivelstad Smaaberg

Vilde Westeng og Anne Heidi Hillestad

Folk Sessions Kvensk I

Folk Sessions Kvensk II

Folk Sessions Kvensk III

Folk Sessions Skogfinsk

Bachelorstudentane ved USN campus Rauland

Hilde Fjerdingøy

Fredag 30. januar

17:00 - 19:00

Prøvedans: Bachelorstudiet i folkedans
Riksscenen (lukka arrangement)

På USN Campus Rauland er det nå ei unik moglegheit til å studere folkedans, Søknadsfristen for bachelorstudiet er 6. januar og den fysiske opptakstprøva blir på fredagen under DANS DANS DANS.

Les meir om studiet her:
www.usn.no/studier/bachelor-i-folkedans



Foto: Runhild Heggem



Fredag 30. januar

17:00

Og bare deg og meg
Rom for Dans

Billetter kan kjøpast her: <https://emmaoberg.hoopla.no/event/obdom>

Fredag 30. januar

18:00 - 19:30

Kræsjkurs i gammaldans med Frøy
Riksscenen

Leikarringen Frøy inviterer til kræsjkurs i gammaldans. Dei jobbar for å spre norsk folkedans til studentar i Ås, og tek med seg den gode stemninga og dansegleda dei har på øvingane sine til Oslo.

Bli med for å lære gammaldans før kveldens store dansefest.

Musikarar frå Flatlusa Spelemannslag spelar!



Fredag 30. januar

18:30 - 21:30

**Open øving i stildans/
historisk dans med Symra**
Bygdelagshuset

Dansar frå 1600-talet og
fram mot i dag!

Stildanskomiteen i Symra
inviterer til ei dansehistorisk
reise attende til 1600-talet
og framover. Nemningar for
denne typen dans er mellom
anna historisk dans, salong-
dans, balldans, kontradans
og stildans.

Ta med drikke og noko å ete
sjølv.

Alle er hjarteleg velkomne!



Fredag 30. januar

18:30 - 19:30

Vetle Springgard - Para-poly
Riksscenen

Para - Et scenekonsept der to kunstneriske proses-
ser møtes som Vert og Parasitt. Verten har utgangs-
punktet og en retning. Parasitten plukker opp
kostymerester, drepte godbiter og suger mening fra
Verten for å lage et eget parallelt univers.
På siden av budsjetttrammer og virkelighet presente-
rer folkedanser og koreograf Vetle Springgard flere
varianter av Para-, et til tre av verkene som spiller på
DANS DANS DANS.

Karhutanssi – Astrid Serine Hoel

Soft Ice – Janne Eraker

Villdans – Silje Onstad Hålien

Sammen spekulerer hele rommet rundt det
vanskelige, interessante og friksjonsfylte møtet
mellom Vert og Parasitt.

Hvordan dele ressurser mellom kunstnere når det er
knapphet? Hva må være på plass for å jobbe med
kvensk dans når man representerer majoriteten?
Og hvordan blir den softis-spisende trio Knut
Buen, Tuva Syvertsen og Martin Myhr
utgangspunktet for en semi-seriøs drøfting av
folkedansens rolle i neste EU-avstemming?

Bli med på en uhøytidelig og inkluderende
spekulering rundt scenekunsten sitt potensial for
samarbeid på tvers av kunstnerskap gjennom tre
overdådige og høytflyvende skisser av Para-, en
Para-poly.

Arrangementet er gratis!



Fredag 30. januar

20:00 - 21:00

Karhutanssi

Riksscenen

Nå kan du oppleve Norges første kvenske danseforestilling «Karhutanssi/Bjørnedans» i ny versjon når Karhutanssi Dance Company kommer tilbake til Riksscenen med forestillingen under festivalen Dans Dans Dans! Forestillingen ble omtalt som publikumsfavoritt under Festspillene i Nord-Norge da den hadde premiere der i 2023. Tradisjonell kvensk dans og musikk møter samtidsdans og streetdans, utført av toppdansere fra hvert sitt felt.

Bevegelse er identitet.

Bevegelse er kultur.

Bevegelse er natur.

Kunstnerisk team: Forestillingen er den første produksjonen til **Karhutanssi Dance Company**, og er co-produsert av **Kvääniteatteri** og **Festspillene i Nord-Norge**.

Koreograf: **Astrid Serine Hoel**

Komponister: **Anne Margaret Nilsen, Tov Ramstad og Trygve Beddari**

Medskapende dansere: **Andreas Vorkinnslie, Astrid Serine Hoel, Daniel Sarr, Nora Svenning, Sathieshnaa Sivamohan og Sindre Eriksson Vik**

Kostymedesign og scenografi: **Astrid Serine Hoel**

Kostymeproduksjon: **Anna Wingård**

Rådgiver for kostymedesign og scenografi: **Dordi Strøm**

Kunstnerisk mentor: **Gary Keegan**

Rådgiver for kvensk språk: **Tove Reibo, Halti Kvenkultursenter**



Fredag 30. januar

22:30 - 23:30

Villdans

Riksscenen

Ei reise i grenselandet mellom performance, konsert, klubb og fridans.

Denne fredagskvelden opnar dørene til eit musikalsk og fysisk univers der alt kan skje.

I Villdans møtast Naaljos Ljom og Mamelukk – to skaparkrefter som på kvart sitt vis dyrkar folkemusikken, kroppen og rytmen med både andakt og anarki.

Naaljos Ljom, den iherdige duoen frå Rogaland, hentar driv frå slåttar, springarrytmer og arkivopptak frå heile landet. Med fele, synthar, trommer og tungt trøkk tweakar dei tradisjonen, dreg han ut av tonale former og inn i eit sonisk rom du aldri har høyrte maken til, med skakke tonar og heftige beats – tru mot tradisjonen, men aldri bundne av han.

Med Silje Onstad Hålien – kunstnarleg leiar og koreograf – i spissen, møter Mamelukk musikken som eit levande bilete i rørsle, eit kroppsleg svar på ekstasen i spelet. Saman byggjer dei eit rom der lyd og rørsle smeltar saman, og der publikum blir dregne inn med øyrene, augene og heile kroppen.

Naaljos Ljom: **Anders Hana og Morten Joh**

Mamelukk: **Anita Vika Langødegård, Brigitte Blomlie, Margit Myhr, Silje Onstad Hålien og Solveig Hårdnes**

Billetter på www.riksscenen.no



Fredag 30. januar

23:30 - 01:30

Dansefest med Tron Westberg og Naaljos Ljom

Riksscenen

Fredagskvelden avsluttast på heftig vis med polsmeister **Tron Steffen Westberg** og folkelektroprinsane i **Naaljos Ljom** i tillegg til **Gro Visdal, Margit Myhr, Lars Fivelstad Smaaberg og Toneheim Spelemannslag**

Billetter på www.riksscenen.no

Laurdag 31. januar

10:00 - 16:00

Med instruktøren i fokus» kurs og nettverk for erfarne instruktører

Teatersalen/Nynorskens Hus

31.januar 2026 inviterer FolkOrg og Noregs Ungdomslag til seminardag med instruktøren i fokus. Påmeldingsfrist er 23.januar og du kan finne påmeldingsskjema på www.ungdomslag.no

Tidsplan for dagen

10.00: Workshop: Korleis halde eit kræsjskurs i dans?

11.45: Lunsj

12.30: Seminar: Språk i folkedansen

16.00: Instruktørnettverk

Laurdag 31. januar

15:00 - 19:00

Dansefest for barn og unge
Riksscenen

Barn og ungdom er festivalens viktigaste målgruppe. Riksscenen inviterer dansarar og musikarar frå 8 år og ungdom til dans, spel og pizza i kjellaren. Det er gratis inngang, dei beste danseorkestra frå Oslo og Viken spelar opp til dans og denne gongen blir det storfint besøk av sjølvaste Madam Jam!

Kvelden startar med et dansekurs for dei mellom 8 og 12 år og i samarbeid med Folk Sessions Skogfinsk arrangerer vi eit kræsjkurs i Polsdans frå Finnskogen i løpet av dansefesten.



Slåttestjernene, FolloFeler, Bølingen Allstars, Spelsauene fra Svartskog, UFO (Unge folkemusikere i Oslo), Bergrosa juniorspelemannslag og Madam Jam (frå 18:30 til 19:00)

Laurdag 31. januar

17:00

Og bare deg og meg
Rom for Dans

Billetter kan kjøpast her: <https://emmaoberg.hoopla.no/event/obdom>



Laurdag 31. januar

18:00 - 19:30

Kræsjkurs i rørospols

Riksscenen

Vi inviterer til kræsjkurs i Rørospols før vinterens store dansefest. Kurset er med dansarane på folkedansstudiet på USN, campus Rauland.

Direkte frå gruvom kjem **Tron Steffen Westberg** for å spele til kurset.

Alle er hjarteleg velkomne uansett nivå!



Laurdag 31. januar

20:00 - 01:00

Vinterens store dansefest

Riksscenen

Ta på deg danseskoa du fekk til jul og slit dei ut på Riksscenen! Det store dansegolv er nybona og det blir gammaldans og pols heile kvelden.

Madam Jam

Madam Jam har med sin banebrytande runddansmusikk blitt ein favoritt for dei som elsker å danse. Dei sju folkemusikarane utforskar nye måtar å instrumentere og arrangere gammaldansen på. Med sin smittande speglede og sine spraglande klede skapar dei alltid god stemning. Her får du svingande reinlendarar, smektande valsar, dansande bassgangar og polka med banjo.

Steinar Odde – banjo, elgitar

Pål Bratås – durspel, trekkspel

Øyvind Sandum – durspel, trekkspel

Gro Visdal – kontrabass

Bjørn Kåre Odde – fele, bratsj

Geir Byre – gitar

Kristen Bratås - piano

Østerdølenes Spellmannslag

Østerdølenes er eit av landets aller beste spellmannslag og spelar polser, polsdanser og springleiker i tillegg til feiande flott runddansmusikk. Repertoaret er henta frå Østerdalen og Hedmark laget vert leia av Marit Westling.

Haltli/Vårdal/Amper

Haltli/Vårdal/Amper er ein kruttsterk trio som spelar musikk frå grensetraktene mellom Noreg og Sverige. Emilia Amper med nyckelharpa, Frode Haltli med akkordeon og Vegar Vårdal med felene sine lovar spretne polsdansar og suggererande polskaer frå belg og streng

Buss for Tog

Buss for Tog stiller som vanleg når det er duka for dansefest på Riksscenen. Det er dei gamle kuratorane for dansefestane som gøymer under konduktørлуene, og i beste VY-stil, skal dei halde seg gamaldanssporet utan for mange signalfeil, avsporingar og forseinkingar.

Inge Gjevre - torader

Andreas Ljones - fele

Asgaut Bakken - gitar





Foto: Ingvil Skeie Ljones

Laurdag 31. januar

21:00

Tuvas Blodklubb: Anders Røine og Andrea Søgne
Riksscenen

Plingplongvarsel?!

Velkommen til årets første Blodklubb! Vi rydder plass til den gode gamle langeleiken, et instrument som mot et par odds har brutt lydmuren på nye måter de siste århundrene.

Til å demonstrere langeleikens fraværende tilkortkommenhet har vi henta inn en duo som representerer to generasjoner; stinkefjesgarantist **Anders Røine** fra Groruddalen og stinkefjesleverandør **Andrea Søgne** fra den mindre kjente Hallingdalen.

Skulle det mot formodning finnes gjenlevende på dansegulvet etter dette, har vi for sikkerhets skyld satt inn klubb-kometen Charlotte Bendiks til å ta seg av resten av natta. Finner du ikke ro med din egen mor, er det gode muligheter her...

...for hverken Tuva eller morra hennes skal no´ i morra, så det skakke du og morra di heller!

Billetter på www.riksscenen.no



Illustrasjon Vera Sonne

Sundag 1. februar

13:00 - 14:00

Er heime der du bur?

Riksscenen

I dag får vi besøk av Silje og Margit, med ei heilt ny forteljing til oss.

Somme har éin stad dei kallar heim heile livet. Andre har heimar mange forskjellige stader. Somme må flykte eller reise frå heimen sin, andre leitar utan å finne ein heim. Nokon lengtar heim. Andre vil bort frå heimen. Somme har ein trygg og god heim. Andre har det vondt i heimen sin.

Gjennom ei framsyning med forteljing, song og dans får borna følge jenta Ylva. Ho undrar om ho eigentleg bur heime, eller om heime er ein annan stad? Ylva legg ut på ei reise for å undersøke dette, og møter dyr og menneske med heilt forskjellige heimar.

Manus: **Sigmund Løvåsen**

Plakatdesign: **Vera Sonne**

Forteljing, song og dans: **Silje Risdal Liahagen**

Forteljing, song og dans: **Margit Myhr**

Produsert med støtte frå **Kulturtanken** og **Fond for utøvende kunstnarar**.

DANS DANS DANS arrangerast av **Sprang** og **Riksscenen**
i samarbeid med **Norsk senter for folkemusikk og folkedans**, **FolkOrg**, **Noregs Ungdomslag**, **Melahuset**, **Nordic Black Theatre/Cafeteatret**, **Dansens Hus**, **MIR**, **FolkemusikkPØBB/Kaffistova**, **PRODA**, **Danseinformasjonen**, **Folkedansstudiet USN campus Rauland**, **OsloFolk**, **Bygdelagssamskipnaden** med medlemslaga **Symra**, **Leikaringen i BUL Oslo**, **Hallinglaget**, **Leikaringen Frøy**, **Numedalslaget**, **Barnelaget**, **Hordaringen** og **BLS Ung**.

RIKSSCENEN

sprang